



HUSNES RØYR AS
Att: Grønningen Brede
Onarheimsvegen 92
5460 HUSNES

Refnr.	Arkivkode	Saksnr.	Saksbehandler	Dato
GGSM9108	GID 123/13	2022/5822	Egil Eide	Husnes, 25.10.22

Tilknytingsløyve til offentlig leidningsnett - 123/13

Det vert gjeve løyve til tilknytning av spillvassleidning på fylgjande vilkår:

- Tilknytninga skal utførast etter gjeldande VA-norm og *Standard abonnementsvilkår*, av godkjent røyrleggjar og minst ein person i arbeidslaget skal inneha ADK-1 sertifikat.
- Spillvassleidningen skal koplast til i kum SID52328.
- Det skal innstallerast vassmålar i hht *Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Kvinnherad kommune §5*. Vassmålar skal leverast av VA. Eigar av egedomen er ansvarleg for at målararen står frostfritt. Vassmålar registreringa skal leverast saman med ferdigmeldinga.
- Alle leidningar skal målast inn i hht *Leidningsregistreringsforskriften* og VA-norm for Kvinnherad kommune. Innmålingsdata inkl. foto skal sendast til va@kvinnherad.kommune.no
- Straks arbeidet med vatn og/eller avløp er ferdig, skal Ferdigmelding sendast inn. Godkjenning av VA-tilknytning må på plass før søknad om ferdigattest.
- Det vert ikkje gitt ferdigattest/bruksløyve (gjeld også midlertidig) før vilkåra i løyvet er oppfylt, samt tilknytingsgebyr for vatn og avløp er betalt.

Sjå vår heimeside for retningsliner på private stikkleidningar:

<https://www.kvinnherad.kommune.no/private-stikkleidningar>

Tilknytingsgebyra skal vera fakturert og betalt før anlegget kan takast i bruk (jmf *Forskrift om vass- og avløpsgebyr* i Kvinnherad kommune §4), til ei kvar tid gjeldande gebyrstorleik.

Ref. *Standard abonnementsvilkår*, kapittel 2: Dersom arbeidet med tilknytninga vert overført til eit anna ansvarleg føretak enn løyvet er stila til, skal det sendast inn søknad på nytt. Er arbeidet ikkje starta innan tre år etter at løyvet er gitt, fell godkjenninga vekk.

NB Dersom etableringa av stikkleidningar og kummar kjem på andre grunneigarar, må grunnavtale på plass før arbeidet kan ta til.

Vil også gjera merksam på at dette løyvet ikkje gir noko løyve til tiltak som kjem inn under krav til søknadsplikt i Plan og Bygningslova.

- Dette betyr at om denne vasstilknytninga skal nyttast til anna enn eit enkelt toalettrom eller servant/utslag/spylepunkt, er dette søknadspliktig. (Baderom er søknadspliktig)
- Etablering av stikkleidningar er søknadspliktig etter Plan og Bygningslova. Ta kontakt med avdeling for byggesak og geodata dersom De treng rettleiing for søknadsprosess eller har spørsmål.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Egil Eide

Einingsleiar Vatn og Avløp

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Navn	Adresse	Postnummer	Sted
Olaissen Tom	Østre Nordeidbrekka 9	5252	Søreidgrend
RABBEN FRIESENTER AS	Uskedalsvegen 576	5463	USKEDALEN
KVINNHHERAD KOMMUNE Att: Svein Marken - sak 2022/1927	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL